# Meland kommune

Grunnskulen i Meland

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 21.12.2015 |
| Dykkar: | Reidun Elin Johannessen | |
| Vår: 15/2836 - 15/22615 | reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no | |

## Forskrift om ferie og fridagar i skule og barnehage 2016-2017

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova §1-6 gjev rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkja seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutta etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale. Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

Vedtak om skule- og barnehagerute er delegert rådmannen. Vedteken skule- og barnehagerute for skuleåret 2016-2017 byggjer i hovudsak på skule- og barnehagerute for Bergen kommune. Den vedtekne skuleruta for Bergen kommune er drøfta i styret for Nordhordland kursregion, og her er det semje om ei målsetting om også ei felles skule- og barnehagerute i regionen. Dette av omsyn til born, unge og foreldre/føresette som då lettare kan planleggja sine ferie- og fridagar.

**Planleggingsdagar i skule:**
Alle grøne dagar kan nyttast til planlegging for personale i skule. Dagane kan nyttast til felles kompetanseheving på skulane, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kursregion har 2 felles planleggingsdagar som kan nyttast til felles kurs/etterutdanning (11. november og 3. februar). Skulane avgjer sjølv etter lokale drøftingar, plassering av dei 4 andre planleggingsdagane.

Innspel som vart sendt inn innan høyringsfristen 16. desember 2015 ligg vedlagt. Vurderingar av innspel ligg i same oversikt.

Med helsing

Reidun Elin Johannessen
skulefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Skulerute 2016-17, Meland kommune (21.12.2015)
Innspel desember 2015

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Blåklokka barnehage | | | |
| Drømmehagen barnehage | | | |
| Espira Marthahaugen barnehage | | | |
| Flatøy barnehage/<br>Læringsverkstedet Flatøy | | | |
| Leiketun barnehage | | | |
| Leirdalen barnehage | | | |
| Lita-God Barnehage | | | |
| Læringsverkstedet Maurtua | | | |
| Camilla Søderstrøm Tveit | Meland kulturskule | | |
| Camilla Smith-Strøm | Marihøna barnehage | | |
| Mette Marei Træland | Barnehagefagleg rådgjevar | | |
| Danielsen ungdomsskole | Postboks 56 | 5906 | FREKHAUG |
| Magne Lædre | | | |
| Irene Hystad Hugaas | | | |
| Hilde Brendehaug Hugaas | Meland ungdomsskule | | |
| Rolf Inge Fyllingsnes | | | |
| Hogne Brunborg | | | |

**Mottakere:**
Grunnskulen i Meland